

**FOLKEMUSIKK
PÅ RIKSSCENEN**


Onsdag 16. september
HANNE TVETER
- MEXICO EN MI
Konsert 21.00 - 200/150



Torsdag 17. september
BOREAS & MAAR
DOBBELT PLATESLIPP
Konsert 20.30 - 180/120



Torsdag 17. september
ENSEMBLE ERNST
ULTIMAFESTIVALEN
Konsert 21.00 - 200/100



Fredag 18. september
ANG
ULTIMAFESTIVALEN
Konsert 20.00 - 200/150

**NORDENS
STØRSTE
BRANSJEFEST
FOR FOLKEMUSIKK-
OG FOLKEDANS**

Tor 24. - Lør 26. sep
**FOLKELARM
2015**
www.folkelarm.no

Billetsalg på
www.riksscenen.no
og i døra - Sesongkort
kun kr 1200/800

RIKSSCENEN
SCENE FOR FOLKEMUSIKK & FOLKEDANS
SCHOUS KULTURBYGGGERI
Grünerløkka, OSLO

– Boka om Den nasjonale Legion er som P.G. Wodehou

Då fascistar ei

Eit lite fascistparti sette dagsorden for valkampen i Oslo i 1927. Partiet vart viktigare enn det den komiske partileiaren skulle tilseia.

BØKER

Av **Guri Kulås (tekst)** og **Marthe Amanda Vannebo (foto)**

«Alle gode fascistar må stemme Høyre.» var oppmodinga frå Oslo-ordførar Borger With på framsida av Aftenposten hausten 1927. Etter 1945 er det vanskeleg å fatta ei slik utsegn frå ein leiande tilfritsvald i eit demokratisk parti, men i 1927 kjende dei ikkje framtida, og då var det valkamp og røystesanking. I mai hadde Den nasjonale legion etablert seg.

Det første, sjølvklært fascistiske partiet i Noreg vart møtt med hån, men òg store presseoppslag, og tusentals folk kom på møta deira.

Med antikommunistisk og antiparlamentarisk retorikk vann dei gehør blant frustrerte medlemmar i høgrepartia, og greidde å skapa borgarleg splitting.

Valkampen i 1927 utarta til gatekampar i Oslo.

Høgrepopulisme

Det tyder ikkje at fascismen var i ferd med å få fotfeste i Noreg, ifølgje Terje Emberland. Han har skrive «Da fascismen kom til Norge. Den nasjonale legions vekst og fall, 1927–1928». Boka er litterær sakprosa, primærforskning og minner ein om kriminalroman, og er illustrert av Steffen Kverneland.

– Fascismen er dynamisk, vitalistisk og antirasjonell. Ein ideologi som set handling framfor refleksjon. På dette tidspunktet hadde både norske motstandarar og sympatisørar vanskar med å gripa fenomenet. Heller ikkje Den nasjonale legion forstod det revolusjonære i ideologien: At fascismen ikkje vil ha eit høgreautoritært, men eit totalitært samfunn, seier han.

Legionens første opprop slo fast at «administrasjonen skal forenkles, statsbedrifter privatiseres, offentlige utgifter

FAKTA

Den nasjonale legion:

■ Det første norske fascistpartiet. Eksisterte berre frå 1927–1928, men skapte politisk kaos under valet i 1927.

■ Grunnlagt av Karl Meyer (1888–1964).

■ Fascismeforskar Terje Emberland har skrive «Da fascismen kom til Norge. Den nasjonale legions vekst og fall, 1927–1928».



reduseres, sosial understøttelse kuttes, skattenivået senkes og straffene heves».

– Eit kjent høgreaktivistisk repertoar, som vi kan dra kjensel på også i dag.

Apokalyptisk

Emberland, som er knytt til Holocaust-senteret og i mange år har forska på fascisme, hevdar at 1920-talet var meir polarisert enn 30-talet. Årsaka er krisa etter første verdenskrig.

– Det var ei dobbel krise, både økonomisk og kulturell.

Krigstida gav økonomisk oppgang i det nøytrale Noreg, men no kollapsa alt. Det vart i tillegg ført deflasjonspolitik som minka konkurransevna og auka gjeldsbøra i handel, industri og landbruk. Sam-

stundes braut gamle patriarkalske strukturar saman og urbaniseringa skaut fart. Arbeidarrørsla vart ein maktfaktor. I Russland hadde revolusjonen sigra og skapt frykt blant kapital- og landeigarar.

– Blant mange på høgresida var det nærast apokalyptisk stemning. Fleire meinte parlamentarismen hadde spela fallitt. Langt inn i Høyre og så godt som i heile Frisinnede Venstre og Bondepartiet sympatiserte folk med Mussolini.

Dei politiske aktørane var meir fargerike enn i dag. Det galdt ikkje minst i Den nasjonale legion. Grunnleggjaren, Karl Meyer (1888–1964), var offiser, spekulant og forretningsvindlar, med eit særleg eventyrleg intermessio som dømt «gentlemanstjuv» i New York på rullebladet, før han returnerte Oslo med politiske ambisjonar.

– Meyer var driven av å ville «bli nokon», hevdar Emberland som karakteriserer Meyer som «grenselaus», ein mann som overtydde seg sjølv med skronene sine.

– Karl Meyer klarte neppe å skilja mellom private ambisjonar, økonomisk spekula-



SILKERAMP: Steffen Kverneland har illustrert boka, som mellom anna fortel Johan Ødegård i Skog- og Landarbeiderforbundet i 1928. Åtaket gjorde ende fekk berre betinga dommar.

sjon og politikk. Den nasjonale legion var litt av alt.

Innan eitt år gjekk då også legionen i indre oppløysing etter handfast strid kring Meyers leiarskap.

Generasjonsoppgjør



Hadde det ikkje vore for at Meyer sjølv var ein kosmopolitisk spekulant, kunne legionen med sitt antimodernistiske program kanskje ha fått

gjennomslag i det kriseråka Bygde-Noreg. Skogeigarane nytta seg av pøblena i Legionens ordensvern under den harde tariffkampen i skogsindustrien, og blant politikarar var det berre leiari i Bondelaget, Johan E. Mellbye, som ønska direkte samtalar med Meyer.

Dei antiparlamentariske straumdraga var sterke, men gjekk ikkje djupt, er Ember-

se med fotnotar, spøker Terje Emberland.

ndra valet



CIRCUS-MØTE: Terje Emberland ved Klingenberg kino, tidligere Circus Verdensteater, der legionen vart skipa.

miliar på veg ned. Bestefedrane var gjerne brukseigarar, skipsreiarar eller høgare offiserar, som hadde tapt formuen i bankkrakket. Fedrane hadde måtte ta til takke med underordna funksjonærstillingar, og sjølv risikerte dei å falla endå eit trinn ned på rangstigen, fortel Emberland.

- Dei kjende at verdigrunnlaget for samfunnet hadde kollapsa og at dei ikkje fekk det som «tilkom dei». Vigilante-romantisk krim - med krokna, jødiske ågerkarsturkar - var populær lesnad i desse miljøa.

Silkerampen i Legionen var del av eit breitt generasjonsopprør etter første verdenskrigen. Den liberalistiske førkrigskapitalismen vart sett på som ubrukeleg. Ønske om meir statskontroll, plan og styring var sterkt blant unge både på høgere- og venstresida. Karl Meyers yngre bror, Håkon Meyer, var ein leiande intellektuell i Tranmæl-fløya i Arbeidarpartiet.

Hjelpete fram Hornsrud?

Då oppslutninga om Legionen svikta, utvikla dei konspiratoriske forklaringar på tilbakegangen. Den seinare grunnleggaren av Norges Nasjonal-Socialistiske Arbeiderparti, Eugen Nielsen, gav jøddane skulda.

- Mot slutten nærma Legionen seg nasjonalsosialismen.

Den nasjonale legion er starten på den organiserte norske fascismens historie, som endar med Nasjonal Samling, meiner Emberland.

- Ein finn att legionmedlemmar i NS og andre høgreaktivistiske og antirasjonalistiske mellomkrigsrørslar.

Det er fleire årsaker til at fascismen ikkje slo rot i Norge, men det var avgjerande, at landet i 1905 alt hadde gått gjennom den nasjonale atterfødninga som er kjernen i fascistiske revolusjonar. Og her var den nasjonale fornyinga

alt forma etter liberale og demokratiske ideal.

Meyer-brørne byta lagnad i og med den tyske okkupasjonen. Håkon Meyer var blant dei mest framstående arbeidarrørslarar som vart NS-medlem i 1940 og seinare landssvikdømt, medan Karl - fascistføraren - enda opp i England, der han arbeidde for Londonregjeringa.

- Då eg byrja arbeidet, trudde eg dette var ein historisk parentes, men Den nasjonale legion var viktigare enn det. Ved hjelp av pressedekkinga greidde dei å setja dagsorden for i valkampen i 1927, og dei flytta grenser for kva som var akseptabel politisk retorikk. Dei fekk berre 1200 røyster, men det gjorde dei jamstore med NKP, seier Emberland.

Splittinga av den borgarlege blokka kan òg ha vore nok til å bana veg for den første Arbeidarpartiregjeringa til Christopher Hornsrud.

- Då regjeringa vart felt av mistillit i Stortinget, følgde Hornsrud demokratiske speleregler og gjekk av. Det prova at Arbeidarpartiet ikkje var revolusjonært, og peika mot klassesamarbeidet som skulle koma - stikk i strid med kva Legionen ønska.

guri.kulaas@klassekampen.no

KVERNFIAND -2014
korleis Legionens ordensvern banka opp på Legionen, men overfallsmennene

lands analyse. Svarte skjorter og politisk vald høvde kanskje i Italia, men det var «unorsk». «Fascismen» stortingskritikarane ville ha, var ei sterk borgarleg samlingsregjering over partia, som kunne rydda opp i økonomien og få bukt med arbeidarrørsla. Dei som vart legionsmedlemmar, var i hovudsak middelkolelevar og gymnasiastar.

- Det var unge menn frå fa-

LYDER FRA LIVET

Journalist og forfatter
Åshild Ulstrup

"Berre eit liv"

Håp. Mot. Alder ingen diagnose.

Tirsdag 15. sep kl. 19.30

CC 120,-

Sanger og Psykolog Christine Lingaas m/jazztrio inviterer til en serie konsertforedrag høsten 2015.

Eksistensielle og samfunnsaktuelle tema. Se hele programmet

www.christinelingaas.no. Billett i døra eller via www.teaterkjellern.no

TEATERKJELLER'N

Akersgata 38



HL-SENTERET

VELKOMMEN TIL OSLO ÅPNE HUS PÅ HL-SENTERET

Søndag 13. september kl. 9.30 - kl. 14.00

Omvisninger i Villa Grande
inkl. bunker fra 2. verdenskrig

kl. 10.00: Hagevandring

kl. 11.00: Eiendommen Villa Grande
v/historiker Bodil Stenseth

kl. 12.30: Min forestilling om mor
med skuespiller Bente Børsum



Huk Aveny 56 - Buss nr. 30
Gratis parkering
www.hlsenteret.no

klassekampen.no

Vernissage idag kl 12 - 14

Henriette Roka-Aardal

Ekspresjonistisk-symbolistiske malerier

Katalog:
www.galleripingvin.no

Møllergata 13, Oslo [facebook.com/galleripingvin](https://www.facebook.com/galleripingvin)

Åpent: tirs, ons, tors, fre, lør



GALLERI PINGVIN